

Bautasteinene på Erland

FORNMINNE PÅ ERLAND

På Erland i Skjoldastraumen finnst mange fornminne som fortel om ein aktiv stad langt tilbake i tid. Her er gravhaugar, bautasteinar, buheller og åsar med gudenamn. Mange spennande arkeologiske funn er gjorde.

Erland har truleg vore ein religiøs samlingsplass kanskje så langt tilbake som tidleg i jernalderen, kring 500 år før Kristus.

GRAVFELTET STOKHOLM:

Dette gravfeltet består av fem eller seks gravhaugar. Her er både små rundhaugar og ein langhaug. I ein haug som er opna i tidlegare tider ser ein rester av ei steinkiste. Små haugar har fått større effekt ved at dei er lagt oppå naturlege knausar.

Langs vestsida av haugane er ei lita flate som vert avslutta av ein bratt kant. Dette kan vera spor etter gamal dyrking, ei såkalla åkerrein.

På garden finn ein namn som Ullåsen og Torshaug, desse vitnar om rik gudsdyrking.

BAUTASTEINAR:

Sju bautaer som står i ei slags plogform er eit svært sjeldan anlegg. Ofte finst ein eller to bautaer i tilknytning til graver, men sjeldan fleire.

Det låg tidlegare ein stor gravhaug vest for bautasteinane. Dei fleste kjende bautaanlegg er frå eldre jernalder (ca 500 f.Kr. til 500 e.Kr.).

På grunn av fallosforma vert gjerne bautaer knytt til fruktbarhetskult. Namnet på Freiåsen, (lokalt uttala Freåsen) vert også sett i samanheng med fruktbarhetsguden Frøy.

Ein annan teori er at dette bautaanlegget har markert årstidene med solskuggen.

Elles ligg anlegget strategisk til, nær den smale Skjoldastraumen. Kanskje det slik kan samanliknast med andre bautaanlegg ved ferdselsåra Karmsundet, og i Grinde, som kan ha lege ved eit drageid, det vil seia der dei drog båtane over land.

BÅSHIDLEREN:

Båshidleren er ein stor heller som er vendt mot aust og som gjev godt ly for ver og vind.

Arkeologisk utgraving i 1940 avdekkja 29 leirkarstykke, litt slagg, trekol og ein steinsett eldstad.

Eldstaden er sjeldan stor og forseggjort.

Helleren kan ha vore brukt til religiøse seremoniar eller festar og til kulthandlingar gjennomført til faste tider.

Namnet Båshidleren fortell nok meir om at staden i seinare tider har vore ein god opphaldsplass for mjølking og støling av kyr.

FREIÅSEN OG BJOLANDSKJERRINGA:



Frå Freiåsen eller Freåsen (152 m.o.h.) ser ein heile fjorden frå Skjold i nord til Borgøy i sør. Nordvest for Skjold ligg Haraldseidvågen. Segna fortel at Harald Hårfagre i ein kampsituasjon drog skipa sine over eidet her og drog vidare sør fjorden forbi Skjoldastraumen.

På toppen av Borgøy har ein utsyn over Boknafjorden. På toppen finst små murrestar.

Det er nærliggjande å sjå Haraldseid, Freiåsen og Borgøy som eit samanhengande kommunikasjons- og kontrollsystem langs ei strategisk viktig ferdselsåre. Dei mange gravminna langs fjorden og det ein veit om eldre eigedomsstruktur svekkar heller ikkje den tanken.

Freiåsen ligg på garden Bjoland, og den store steinblokka på toppen vert gjerne kalla "Bjolandskjerringa". Mange segn er knytta til denne steinen, slik som at Bjolandskjerringa dansar kvar gong ho høyrer dei kinnar på Bjoland.

Ei anna segn fortel at Bjolandskjerringa stod her og venta på Steinbrukjerringa som skulle koma med sengemat til henne. Då Steinbrukjerringa ikkje rakk fram før sola rann, blei Bjolandskjerringa til stein.